

Retningslinjer

Mobilitetsstipend for norsk språk, litteratur og kultur

Kven kan søkje?

Master- og ph.d.-studentar som studerer ved eit institutt for nordistikk/skandinavistikk ved eit universitet i utlandet. Studenten må ha valt norsk språk, norsk litteratur eller norsk kultur som tema for avhandlinga si.

I tilfelle der studenten kjem frå ein institusjon utan eige institutt for nordistikk/skandinavistikk, kan søknaden vurderast dersom avhandlinga likevel har eit tydeleg fokus på norsk språk, litteratur eller kultur. Vurderinga av ein slik søknad krev nok tilgjengelege tilskotsmidlar.

Kven kan ikkje søkje:

- Bachelorstudentar.
- Studentar som tidlegare har fått stipend frå Diku/HK-dir for same prosjekt på same utdanningsnivå.
- Studentar med norsk statsborgarskap som studerer på master- eller ph.d.-nivå ved ein lærestad utanfor Noreg.

Føremål

Mobilitetsstipendet for norsk språk, litteratur og kultur er ein del av Ordninga for Norgeskunnskap i utlandet og skal bidra til å leggje til rette for studie-/forskningsopphald i Noreg for utanlandske studentar.

Om stipendet

Mobilitetsstipendet blir gitt som eit bidrag til å dekkje utgifter til reise, kost og losji i samband med feltarbeid i Noreg.

Stipendet blir gitt som faste satsar som *reisestipend* og *opphaldsstipend*. Opphaldsstipendet blir gitt for éin, to eller tre månaders opphald i Noreg. Stipendet vert gitt i faste satsar som *reisestipend* og *opphaldsstipend*. [Sjå den aktuelle utlysinga for oppdaterte satsar.](#)

Dersom feltarbeidet blir avslutta tidlegare enn planlagt, må studenten betale tilbake opphaldsstipendet for den attståande perioden. Eit eventuelt overskot kan bli pålagt skatt avhengig av vurderinga til skattestyresmaktene.

Om søknaden og søknadsprosessen

Søknaden skal sendast [elektronisk via Espresso](#) innan søknadsfristen. Søknadsteksten må innehalda ei konkret skildring av prosjektet, problemstilling, kjeldemateriale og gjennomføringsplan. Søknaden må også innehalde ei grunngeving for kvifor eit opphald i Noreg vil vere nyttig for prosjektet.

I søknaden må søkjaren oppgi ein rettleiar i ei undervisnings- eller forskingsstilling ved ein høgare utdannings- eller forskingsinstitusjon i Noreg. Rettleiaren må ha sagt seg villig til å rettleie studenten under opphaldet i Noreg, og må ha kompetanse på emnet som studenten fordjupar seg i. Eit personleg invitasjonsbrev frå den norske institusjonen må leggjast ved søknaden.

Søkjaren må også oppgi ein rettleiar ved universitetet i heimlandet. Denne rettleiaren må skrive eit personleg anbefalingsbrev for søkjaren og prosjektet til søkjaren. Anbefalingsbrevet skal skrivast på brevark frå institusjonen og signerast. Anbefalingsbrevet skal leggjast ved som vedlegg til søknaden.

Krav til søknaden

Følgjande minimumskrav gjeld:

- Søknaden må vere levert innan søknadsfristen som gjeld for utlysinga.
- Søknaden må vere levert gjennom [HK-dir sin søknadsportal Espresso](#).
- Søknaden må vere skriven på norsk eller engelsk.
- Tema for avhandlinga (prosjektet) må vere innan norsk språk, norsk litteratur eller norsk kultur.
- Feltarbeidet må gjerast ved ein norsk høgare utdannings-/forskningsinstitusjon.
- Søknaden må innehalde obligatoriske vedlegg:
 - a. Eit personleg invitasjonsbrev frå den norske institusjonen
 - b. Ei anbefaling frå rettleiar ved heimeinstitusjonen
 - c. Kopi av pass / nasjonalt ID-kort

Søknader som ikkje oppfyller desse krava, kan bli avvist eller bli vurdert som mangelfulle. For søknader med feil, kan HK-dir gi ein kort tilleggsfrist for å rette forholdet der det er mogleg. Innehald i vedlegg/lenkjer som ikkje er påkravd vil ikkje bli teke med vurderinga av søknaden.

Søknadsbehandling

Søknadene blir vurderte internt i HK-dir og av Programutvalet for Noregskunnskap i utlandet. I søknaden blir relevansen til prosjektet, utforming og gjennomføring vurdert.

Alle søkjarar blir informerte om utfallet av søknadsvurderinga.

Innvilga søknader får tilsendt informasjon om korleis stipendet blir utbetalt. Dersom søkjaren vil ta imot stipendet, må eit akseptskjema fyllast ut, signerast og sendast til HK-dir. Dersom studenten også får andre HK-dir-administrerte stipend for same tidspunkt, kan HK-dir velje å avslå søknaden.

I tilfelle der søknader berre delvis blir innvilga, eller blir avslåtte, vil vedtaksbrevet innehalda informasjon om klagerett.

Krav til rapportering

Stipendet blir tildelt under vilkår om at stipendmottakar straks etter heimkomst, og seinast éin månad etter at opphaldet er avslutta, sender ein kort rapport frå opphaldet i Noreg.

Praktisk informasjon

Kvar enkelt stipendmottakar er sjølv ansvarleg for å skaffe bustad under opphaldet i Noreg.

Dei som trenger visum, bør søkje om dette snarast mogleg. Søknad om besøksvisum skal sendast til næraste norske utanriksstasjon i heimlandet, i god tid før planlagd avreise. HK-dir kan ikkje utbetala stipendet ved avslag på visum.